

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 29.03.22 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 16.00

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Henriette Hafsaas

Jon Helge Bjørndal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 14 til og med 22-22. Sak 18-22 Overordna mål og retningslinjer for VØR gjekk ut som følgje av vedtak i sak 17-22.

Sakliste:

Sak 14-22. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om innsamla og mottekne mengder, resultat av farleg avfall aksjonen 2022, Slam, covid, kommunikasjon, ISO 9001, fakturering første termin, Off. innkjøp, Kvalitet på papir og glas og metall, Samarbeid RIR, Årim og SSR, Konsekvensar av CO2 avgifta, Status Melsgjerdet, Biogass,

Sak: 15-22. Resultat mot budsjett 2021.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak: 16-22 Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2021

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding og rekneskap for 2021 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Revisjonsmelding og eigenerklæring frå dagleg leiar vart publisert på nettet om morgonen den 29/3.

Sak 17-22 Nytt slagord for VØR som inkluderer klimaperspektivet

Vedtak (5 røysteføre)

VØR sitt slagord vert vidareført inntil vidare.

Handsaminga:

Samrøystes etter drøfting i styret. Det kom inn tre forslag som i saksgangen vart trekt:

Hallvard Bjørneset: Sortert avfall gir verdi for framtida.

Henriette Hafsaas: Sorter avfall for klima og natur !

Anne Ellingsen: På lag med framtida.

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet vedtek slikt nytt slagord for VØR:
2. Dagleg leiar vert beden om å oppdatere alle relevante styringsdokument med det nye slagordet.

Sak 19-22 Tilsetting av ny dagleg leiar.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tek orientering frå styreleiar til vitande.

Handsaminga:

Fellesframlegg

Sak 20-22 Status Melsgjerdet 3.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 21-22 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Støykartlegging ved sorteringa Volda og Ørsta Reinhaldsverk. 27.01.2022.

Etablering av reparasjons -og gjenbrukssentral. Brev 10.02.22 til Ørsta og Volda Kommune.
Renovasjonsavgifta gjelder også for utleiehytter, jfr.lagmannsretten 15.02.2022
EU sin mobilitetspakke- konsekvensar. Brev frå Geminor av 18.02.2022 og mail av 11.03.22.
Invitasjon til medverknad til fylkesstrategi for miljø, klima og energi.
Drøfting investeringar 2023.

Sak 22-22. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 29.03.22 slik den ligg føre.


Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 29.03.22



Anne Ellingsen
Leiar


Jon Helge Bjørndal


Ove Myklebust


Petter Bjørndal
referent


Hallvard Bjørneset
Nestleiar


Henriette Hafsaas